

Fjell kyrkje- blad

Nr. 5/21
INFORMASJON
Fjell, Foldnes og Landro sokn



JUBILEUMSGUDSTENESTE
Glimt frå Foldnes kyrkje si feiring
av 20-årsjubileum
s. 6

GOSPELKORET LOKAL VOKAL
I haust starta det nye gospelkoret
opp i Foldnes kyrkje
s. 4

ONSDAGAR I FJELL KYRKJE
Kvar onsdag i Fjell kyrkje er
treffdag, ope for alle.
s. 10

Kyrkjeblad for Fjell, Foldnes og Landro sokn.
Det kjem ut 5 gongar i året og kostar kr 200,-
pr. år. For utanbygds: kr 250,-.

Utgjevar: Øygarden kyrkjelege fellesråd


Ansvarleg redaktør: Annlaug Børve

Redaktør og grafisk utforming:
Yngvild Mørner Sørheim

Framsdebilete: Maria Tveten under
jubileumsgustenesta til Foldnes kyrkje

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Trykk: Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

Bankgiro

Fjell kyrkjeblad: 1503.84.37590

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar
og kunngjeringar til neste nummer av
Fjell kyrkjeblad: 11. januar 2022



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kontaktinformasjon

Adresse: Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar: 10.00–14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no


Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden
www.kyrkja.no/t-dagen

Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellesråd:
1506.35.46523

Fjell kyrkje i vinden

Øygarden kyrkjelege fellesråd har
motteke ein tilstandsrapport om Fjell
kyrkje, som enkelt sagt viser at taket
er for tungt i høve til konstruksjonen
som skal halde det oppe.

Undersøkingar viser ingenting
som tyder på fare for plutsleg
svikt. Etter råd frå byggteknisk
fagkyndige vil vi likevel vere føre var,
og stenge kyrkja når det vert meldt
gjennomsnittleg vindstyrke på over
20 m/s.



Leiar

Annlaug Børve

Ansvarleg redaktør



Gjør som Gud – bli menneske stod det ein gong skrive på ein vegg i
byd'n. Sitatet er gøymd under mange lag med spraymaling for lenge sidan,
på same måte som det djupt menneskelege i oss ofte kan verte gøymd bak
masker og fasadar hos nokon kvar. Altfor ofte strevar vi med å leve opp til
umenneskelege krav og ideal, som stel motet og livsgleda frå oss.

Difor treff juleevangeliet med veldig kraft, om vi greier å ta inn berre litt av
kva det er som eigentleg skjer. Den Høgste, skaparen av himmel, jord og alt liv
kjem til oss – ikkje som ein mektig konge, høgt heva over oss som ein skulle
tru. Han kjem i det stille og låge, som ein av oss. Ein sårbar Gud, avhengig av
omsorg og hjelp for å kunne leve.

Juleevangeliet viser at det største, sterkaste og mest verdifulle er gøymt i det
minste. Difor gjeld det å våge å vere menneske. Det gjeld å våge å ikkje vere
perfekt heile tida, å våge å vise at ein er sårbar og treng omsorg frå andre
menneske. Det er då det ekte fellesskapet får vekse fram og kjærleiken vert
levande mellom oss.

Ære være Gud i det laveste

Det skjedde i de dager
om natten

langt fra de store beslutningene og alt det viktige i verden
ute på marken
en himmelsk hærske av engler lyste opp den mørke natten
og himmelkoret sang:
Ære være Gud i det høyeste!

Så ble det mørkt
så ble det stille
så ble alt som før
noen forskremte gjeterer hørte og så



Da de fortalte
gjemte Maria ordene i sitt hjerte og grunnet på dem
troen som kan flytte fjell
håpet om det vi ikke ser
kjærligheten som er sterkere enn døden
alt dette kan et lite hjerte romme
for det største er gjemt i det minste
det høyeste i det lave
det sterkeste i det sårbare

Ikke se opp
se ned
mot det lille
det minste
det lave
Ære være Gud i det laveste

Jarl Bøhler

Innhald

| | |
|---------------------------------------|-------|
| GOSPELKORET LOKAL VOKAL | 4-5 |
| JUBILEUMSGUDSTENESTE..... | 6 |
| LYDDUGNADEN BLE EN SUKSESS | 7 |
| KONSERTAR I KYRKJENE | 8-9 |
| ONSDAGAR I FJELL KYRKJE | 10-11 |
| T-DAGEN | 12-13 |
| "O, HELGA NATT" MED FJELLKORET | 14 |
| GUDSTENESTEOVERSIKT | 16 |
| LIVETS GANG | 17 |
| FØRSTE LIVETS LYS PÅ HALVANNA ÅR..... | 19 |

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêt og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søkjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at

ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêt trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin



Gospelkoret Lokal Vokal

I haust vart det starta gospelkor i Foldnes kyrkje.
Responsten har vore enorm!

TEKST: MARTE LIE VILKENSEN
FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Koret hadde si første framføring under jubileumsgudstenesta til Foldne kyrkje til stor glede hos publikum.

–Vi er over 60 medlemmer allereie, seier dirigent Lene Innerdal. –Vi i korkomiteén vart overvelda då det kom 40 på første øvinga i september. Det er inspirerande og svært motiverande å starte kor med eit så stort og positivt engasjement! Dette har heilt tydeleg vore eit behov hos mange Sotraværingar.

Koret øver kvar onsdag kl. 19:30-21:30 i kyrkja og har også eige band.

– Vi syng songar frå fleire sjangrar, både salmar, soul, pop, country og sjølvstekt gospel, fortel komité-medlem Marte Vilkenen Brøvig. –Vi har mange medlemmer, men i haust er det litt prøveperiode, så om fleire vil henge seg på og prøve ut koret er det framleis mogleg. Etter jul kjem vi etterkvart til å sette ei øvre grense for tal medlemmer.



Dirigent Lene Innerdal opna for første øving i september.

Det sosiale er også viktig i gospelkoret Lokal Vokal. –I kvar øving har vi ein god pause med noko å ete og drikke, og ein liten andakt. Det er viktig at vi også har det kjekt utanom synginga og vert kjende med kvarandre, seier komité-medlem Maria Wergeland. –Det går på omgang mellom kormedlemmene å bidra med mat og organisering, og vi opplever at pausane er ein fin møteplass.

Første framføring for Lokal Vokal vart i jubileumsgudstenesta for Foldnes kyrkje i november, og koret skal også vere med på «Vi syng jula inn» 19. desember og juletefest i kyrkja 2. januar. –Noko av det kjekkaste med å syngje i kor er jo at vi får tjuvstarte med julesongane tidleg, smiler dirigent Lene Innerdal. –Vi er allereie godt i gang med julestemninga!



**Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.**

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Jubileumsgudsteneste

Foldnes kyrkje fyller 20 år i år, og det vart feira med ei jubileumsgudsteneste 14. november.

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Hein og Toril Kvalheim vart intervjuva av sokneprest Maria Tveten. Dei fortalde om deira møte med kyrkjelyden.



Ordførar Tom Georg Indrevik kom med ei helsing under gudstenesta.



Alle som kom på gudstenesta fekk ein flott nøkkelring med glassmåleriet frå kyrkja.




Det var eit godt oppmøte i gudstenesta.

Lyddugnaden ble en suksess

Arrangementet i Foldnes kyrkje ble en opplevelse langt over forventning, sier leder av lyddugnadskomiteen, Asbjørn Vilkenen.

Hensikten med arrangementet var å skaffe penger til nytt lydanlegg i kirken. Musikere, foredragsholder og prest stilte opp gratis og leverte på sitt beste. Publikum hadde betalt en noe forhøyet inngangsbillett, og flere bedrifter i nærområdet hadde kjøpt egne bedriftspakker – det var med andre ord en skikkelig dugnad som alle tok del i. Vi rundet over kr. 100.000 til formålet, forteller Vilkenen. Nå må fellesrådet drøfte hvordan man kan få fullfinansiert lydanlegget, kanskje ved å arrangere en ny dugnad hvor flere kan få bidra til et viktig formål. Kirken trenger et nytt lydanlegg.



Tekst og foto: Asbjørn Vilkenen

Tusen hjertelig takk for støtten til nytt lydanlegg i Foldnes kirke!

Compute.

Sartor
Drånge

F★ **FJELL**
TECHNOLOGY GROUP

 **BRØDRENE
ULVESETH**

Bero Eiendom AS

LIE  GRUPPEN

Det er fortsatt mulig å støtte nytt lydanlegg på vippsnummer: #650993



Vi syng jula inn

**i Landro kyrkje
12. desember kl. 17.30**

Landro barne- og tweenskor
Landro songoktett
Thea-Sofie Garlid - song
Esther Einarsson - song
Øyvind Heggholmen - song
Elisabeth Breistein Leganger - kornett
Allsong og band
Andakt
Gløgg
Kollekt



BALD AND BEAUTIFUL PRODUCTIONS AS PRESENTERER

TORSTEIN SØDAL MARIA ARREDONDO CHRISTIAN INGEBRIGTSEN TINE THING HELSETH GAUTE ORMÅSEN

Vår Jul

Med Gospelteens og Landro Tweens

Landro kyrkje 5. desember kl. 17.30
Billetter: voksen kr. 515,- og barn kr. 325,-

Kapellmester: Øystein Lund Olafsen.
Billettene kjøpes på **ticketmaster** og ved inngangen



Vi syng jula inn

**i Foldnes kyrkje
Søndag 19. desember
kl. 17.30**

Lukas Tensing
Gospelkoret Lokal Vokal
Mannskoret Avogtil
Sotra Storband
Gratis inngang, kollekt



RAMP

ADVENTSKONSERT

**Foldnes kyrkje
Tirsdag 7. des. kl. 19.30**

Fri entre, men mulighet for å støtte RAMP sitt arbeid

The Gospel Singers, Solveig Mo,
Jon Anders Sollien, Bergljot Gjedrem
og bandet

Salmekveld

Onsdag 8. desember
kl. 19.00 i Fjell kyrkje

Bli med på salmekveld!
Vi syng adventssalmar
med Malgorzata Anna Tveit.
Det blir servering etterpå.

Vi syng jula inn

i Fjell kyrkje
Søndag 19. desember
kl. 17.00

Sotra Reviderte
Fjell kyrkjebrass
Fjell Barnekor
Andakt
Gratis inngang, kollekt

Kyrjekaffi med gløgg og pepperkaker
Feiring av tidlegare kantor
Olav Sørheim

Når freden lander stilt

NORHEIMSUND & ØYSTESE
UNGDOMSKOR

Julekonsert i Fjell kyrkje
Sundag 12. desember kl. 18.00

Vidar Sangolt, dirigent - Julie Haaberg, konferansier
Ingmar Lid, piano - Bahram Øvrehus, kornett/ fiolin
Vegard Eikeland Sangolt, trommer - Gaute Øymo Mælen, bass
Andrea Sæle, tverrfloyte - Vegard Voldsund, lyd - Vidar Stensletten Eik, lys

Gratis inngang - kollekt. Sal av ny julecd!

Velkomen til *julefest* i kyrkjene!

Program for heile familien,
servering og juletrengang

Fjell kyrkje
onsdag 29. desember 2021
kl. 17-19

Landro kyrkje
søndag 2. januar 2022
kl. 16-18

Foldnes kyrkje
søndag 2. januar 2022
kl. 16

Onsdagar i Fjell kyrkje

“I have a dream” sa den berømte fridomskjemparen Martin Luther King. Utan samanlikning elles,- så har ein draum om ei open, tilgjengeleg kyrkje for folket i Fjell blitt fødd mellom oss.

TEKST: MORTEN TORSVIK
FOTO: RUTH TANGEN



Ei kyrkje som frå tidleg morgon har opne dører for menneske som ønskjer å starte dagen med bibellesing og bøn på veg til dagens gjeremål.

Ei kyrkje som er open for den som utover dagen vil komme inn, setje seg ned i stille, tenne eit lys og berre vere i denne utruleg vakre kyrkja, - der alt berre andar av ro, fred og Guds nærver.

Ei kyrke som er open for den som vil ha ein lågmælt prat om livet og det som rører seg av tankar og kjensler,

- utan å bli forstyrta av maset og kjaset utafor.

Ei kyrkje som er open for den som har vore ved ei grav og som har behov for litt tid for seg sjølv.

Vi drøymmer om at kyrkjelydssalen skal fyllast av fjellsokningar som vil slå av ein prat over ein god kopp kaffi og vere eit fellesskap det er lett å slutte seg til. Ein samlingsstad der alvor, kultur og skjemt går hand i hand.

Denne draumen har vi begynt å realisere på onsdagar. Kvar onsdag har vi morgonbøn frå 07.00-07.20,

- med etterfølgjande open kyrkje fram til middagsbøn kl. 12. Kl. 10 set turgruppa av stad på ein forfriskande føremiddagstur, i passe pratetempo før turgåarane kjem attende til kaffi og en god drøs kl. 11.00

På kvelden kl. 19.30 er det enten kveldsbøn, kveldskonsert, misjonskveldar eller temakveldar om alt frå historiske hendingar til diakoni.

Kva dette skal bli til etterkvart, vil tida vise. Du er i alle fall hjarteleg velkommen til å bli med i fellesskapet!

Onsdagskveldar i Fjell kyrkje

JANUAR

- 12. Kveldsbøn med retreatpreg kl. 19.30
- 19. Minikonsert kl. 18.30
- 19. Temakveld «Gulltransporten» kl. 19.30
- 26. Diakonikveld kl. 19.30

FEBRUAR

- 02. Kveldsbøn med retreatpreg kl. 19.30
- 09. Kurs «Bruk dine talenter og nådegaver» kl. 19.30
- 16. Temakveld «Flukten med Solbris» kl. 19.30
- 23. Salmekveld kl. 19.30

MARS

- 02. Kveldsgudsteneste på askeonsdag kl. 19.30
- 09. Konsert: Norsk folkemusikk kl. 19.00
- 16. Kurs «Bruk dine talenter og nådegaver» kl. 19.30
- 23. Minikonsert kl. 18.30
- 23. Kurs «Bruk dine talenter og nådegaver» kl. 19.30
- 30. Kveldsbøn med retreatpreg kl. 19.30

APRIL

- 06. Bibeltime kl. 19.30
- 13. Minikonsert kl. 18.30
- 20. Kveldsbøn med retreatpreg kl. 19.30
- 27. Misjonskveld kl. 19.30

MAI

- 04. Medarbeidarfest kl. 19.30
- 18. Minikonsert kl. 18.30
- 25. Salmekveld kl. 19.30

JUNI

- 08. Minikonsert kl. 18.30

Glimt frå T10, T9 og T4



T10 Tweens

Fredag 29. oktober vart alle som fyller 10 år i år invitert til tweensklubben. Her var det mange kjekke aktivitetar, som brettspel, tv-spel, bordtennis og hobbyaktivitetar!





T9 Tårnagentdag

Fredag 5. november var det full dag for mange fjerdeklassingar! På Tårnagentdagen i Fjell kyrkje fekk dei oppleve og utforske kyrkja ved å bli med opp i klocketårnet, ha symboljakt, gjennomføre agentoppdrag og mykje meir.

T4 Kyrkjeboka

I september vart alle 4-åringane invitert til gudsteneste i dei tre kyrkjene. Her fekk dei utdelt boka "Linda og den vesle kyrkja".



«O, Helga natt»

i Foldnes kyrkje – mandag 20. desember

AV JAN L. JACOBSEN, DIRIGENT FOR FJELLKORET

I fjor var det korona-stille ved juletider i de fleste kirker i Norge, så også i Øygarden. Korsang over hele landet ble satt på pause i lange perioder fra mars 2020 til sommeren 2021, men nå i høst har vi kunnet synge sammen igjen. Vi gleder oss stort over at Fjellkorets mange medlemmer, nye som etablerte, igjen finner veien til korets mandagsøvelser kl. 19.30 i Kultursalen på Straume. Å kunne møtes igjen, kjenne på sangens kraft og oppleve det mellommenneskelige og musikalske som korfellesskapet utløser og frembringer, har tydeligvis vært et savn for mange.

Fjellkoret har store planer i tiden fremover, og vi er allerede godt i gang med å utvikle og innøve sanger og tablåer til storprosjektet «RETRO» i oktober 2022. «RETRO» skal bli en gjenkjennelig og minnerik forestilling i form av en musikalsk og verbal reise som handler om medlemmenes egen ungdomstid i Øygarden og nasjonalt. Medlemmene har selv valgt musikken, og aldersspredningen gjør at både musikken og historiene hentes fra flere tiår og ulike



Fjellkoret, høsten 2019.

oppvekstvilkår og erfaringer. Felles for de fleste, er minnene om samtaler rundt kjøkkenbordet, ungdomsrommet med platespiller og minnebøker, ungdomshuset med dansefester (m.m.), bedehuset med basarer og tensing-aktiviteter, osv. Minnene er mange, og stemningen og engasjementet for prosjektet innad i koret er veldig god og forventningsfull. Helga Golten Thue skal regissere forestillingen. Vi gleder oss til å vise resultatet for vårt publikum i Øygarden høsten 2022.

Men nå først ser Fjellkoret frem til årets julekonsert, og inviterer kyrkjelyden til en stemningsfull førjulsstund med kjente og kjære julesanger, litt skjemt og litt alvor, musikkinnslag, fortellinger og ikke minst allsang. I år fremføres både verdslig og sakral julemusikk, og vi lover en hjertevarm førjulskveld **i Foldnes kyrkje, mandag 20. desember kl. 19.30.** Velkommen!

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

**KIRKENS
SOS**

Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørtdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus tlf. 920 89 740
- Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Knut Erling Gammelsæter tlf. 473 97 939
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Morgonbøn:** Kvar onsdag kl. 07.00–07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 909 37 169
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingjerd Hauge Johansen tlf. 922 32 815
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 19.30–21.30. Kontakt: Malgorzata Anna Tveit tlf. 951 84 429
- Fjell barnekor:** Barnekolet øver annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Ungdomsklubb:** I kyrkjekjellaren nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437



Velkommen på T-dagar våren 2022!

• **T9 Tårnagent**
Laurdag 29. januar kl. 16-20 i Fjell kyrkje

• **T8 Bøn**
Laurdag 19. februar kl. 13-17
i Foldnes kyrkje

• **T5 Den gode gjetaren**
Onsdag 23. mars kl. 16.30-18.45
i Foldnes kyrkje.

• **T2 Påskevandring**
Laurdag 2. april kl 14-16 i Foldnes kyrkje

• **T13 Forsoning**
Laurdag 23. april kl 16.00-19.00
i Foldnes kyrkje

Hald av datoen, det vil kome meir utfyllande info om desse T-dagane etterkvart. Det er difor veldig viktig å følgje med på nettsidene våre:

www.kyrkja.no/t-dagen

Vi er òg på **Facebook**, og der vil du finne oppdatert info når T-dagane nærmar seg.



Babysong

Fjell kyrkje

Måndagar kl. 12.30-14.30.

Påmelding til Vibeke Supphellen på tlf. 975 78 956.

Landro kyrkje

Kvar onsdag kl. 10.30-12.30.

Påmelding på epost til tove.angeltveit@kfuk-kfum.no

Foldnes kyrkje

Annankvar måndag (partallsveker) kl. 11.30-12.30

Påmelding: www.kyrkja.no/oygarden/babysong

Følg med på facebooksidene til "Øygarden KFUK/KFUM åpen barnehage" og "T-dagen" for meir info.

Velkommen!

Fjell kyrkje



| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|---------------------------|-------|--------------------|----------------|--------------|-------------------------------|
| Søndag 5. desember | 11:00 | Gudsteneste | Morten Torsvik | Nattverd | Sjømannskirken |
| Søndag 5. desember | 18:00 | Lysmesse | Morten Torsvik | | Misjonsprosjekt Thailand/Laos |
| Søndag 12. desember | 11:00 | Gudsteneste | Maria Tveten | Dåp | Den indre Sjømannsmisjon |
| Søndag 19. desember | 17:00 | Vi syng jula inn | Morten Torsvik | | Eige arbeid |
| Julaftan 24. desember | 14:00 | Familiegudsteneste | Morten Torsvik | | Kirkens Nødhjelp |
| Julaftan 24. desember | 16:00 | Familiegudsteneste | Morten Torsvik | | Kirkens Nødhjelp |
| Juledag 25. desember | 12:00 | Høgtidsgudsteneste | Morten Torsvik | Nattverd | Bibelselskapet/Verbum forlag |
| Nyttårsaftan 31. desember | 23:00 | Kveldsgudsteneste | Morten Torsvik | Nattverd | Kirkens bymisjon i Bergen |
| Søndag 2. januar | 11:00 | Gudsteneste | Morten Torsvik | Dåp | Misjonsprosjekt Thailand/Laos |
| Søndag 9. januar | 11:00 | Gudsteneste | Knut Kaldestad | Nattverd | KFUM – KFUK Bjørgvin |
| Søndag 16. januar | 11:00 | Gudsteneste | Morten Torsvik | Dåp | Haraldsplass samtalesenter |
| Søndag 23. januar | 11:00 | Gudsteneste | Morten Torsvik | Nattverd | Eige arbeid |
| Søndag 30. januar | 11:00 | Familiegudsteneste | Morten Torsvik | Dåp | KRIK |
| Søndag 6. februar | 11:00 | Gudsteneste | Knut Kaldestad | Nattverd | Bibelselskapet |

Foldnes kyrkje



| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|-------------------------|-------|--------------------|-----------------|-----------------|-------------------------------|
| Søndag 5. desember | 18:00 | Lysmesse | Maria Tveten | | FUNK |
| Søndag 12. desember | 11:00 | Gudsteneste | Jan Tommy Fosse | Dåp | Kristent Innvandrerarbeid |
| Søndag 19. desember | 17:30 | Vi syng jula inn | | | Eige arbeid/kyrkjemusikk |
| Julaftan 24. desember | 14:00 | Familiegudsteneste | Maria Tveten | | Eige arbeid |
| Julaftan 24. desember | 16:00 | Familiegudsteneste | Maria Tveten | | Eige arbeid |
| Juledag 25. desember | 12:00 | Høgtidsgudsteneste | Bjarte Nese | Nattverd | NMS Thailand/DNI- Jesu døtre |
| 2. juledag 26. desember | 12:00 | Ungdomsgudsteneste | Maria Tveten | Dåp og nattverd | Stefanusalliansen |
| Søndag 9. januar | 11:00 | Gudsteneste | Maria Tveten | Dåp og nattverd | Himalpartner |
| *Søndag 16. januar | 11:00 | Familiegudsteneste | Maria Tveten | Dåp | Eige arbeid |
| Søndag 23. januar | 11:00 | Høgmesse | Maria Tveten | Nattverd | Cuba |
| Søndag 30. januar | 19:00 | Kveldsgudsteneste | Knut Kaldestad | Nattverd | Misjonsalliansen |
| Søndag 6. februar | 11:00 | Gudsteneste | Maria Tveten | Dåp og nattverd | NMS Thailand/DNI - Jesu døtre |

*Radiogudsteneste på NRK, oppmøte kl. 10.45, gudstenesta staratar kl. 11.00

Landro kyrkje



| Dato | Kl. | Gudsteneste | Prest | Dåp/Nattverd | Takkoffer |
|-----------------------|-------|------------------|-----------------|-----------------|-------------------------------|
| Søndag 5. desember | 11:00 | Gudsteneste | Knut Kaldestad | Nattverd | Ope offer |
| Søndag 12. desember | 17:30 | Vi syng jula inn | | | Eige arbeid |
| Julaftan 24. desember | 14:30 | Gudsteneste | Bjarte Nese | | Kirkens Nødhjelp |
| Julaftan 24. desember | 16:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | | Kirkens Nødhjelp |
| Juledag 25. desember | 12:00 | Gudsteneste | Knut Kaldestad | Nattverd | Eige arbeid |
| Nyttårsdag 1. januar | 12:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Nattverd | Norsk Luthersk Misjonssamband |
| Søndag 9. januar | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Dåp og nattverd | Amathea |
| Søndag 16. januar | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Dåp og nattverd | |
| Søndag 23. januar | 11:00 | Gudsteneste | Jan Tommy Fosse | Nattverd | |
| Søndag 30. januar | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | | |
| Søndag 6. februar | 11:00 | Gudsteneste | Bjarte Nese | Nattverd | |

Endringar kan komme, i tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester i avtale med dåpsfølget.

Følg med på nettsidene: www.kyrkja.no/oygarden

Fjell kyrkje

Døyppte

19.09.2021

Matheo Naderi Lie
Jenny Hjørnevik Kvamsdal
Signe Nordnes Furø

26.09.2021

Leah Kleppe Olsen
Eliana Tejera Molde
Maja Foldnes

10.10.2021

Adam Skogestad Kleiven

24.10.2021

Johannes Justad Haugland
Devin Eriksson
Theodor Hagenes Bilsback

06.11.2021

Linnea Eloise Mantequilla Hermansen
Hedda Høgøy Storesund
Aksel Nåmdal
Kjetil Georg Christoffersen
Ingrid Pedersen Fjeld
William Madissoo Heen
Emil Svidal Monsen
Tobias Reite
Gabriel Frost Ellingsen
Mikael Ellingsen
Claire Louise Innes

14.11.2021

Lucas Berge Albertsen
Chrisander Aase
Mikkel Morlandstø-Bjørøy

Vigde

21.08.2021

Alexandra Vik og Christopher Vik

06.11.2021

Britt Karin Fauskanger og
Jan Ove Jørmeland

Døde

| | |
|-----------------------------|---------|
| Georg Andersen | f. 1977 |
| Svein Jørgen Barmen | f. 1937 |
| Leif Gerhard Nesse | f. 1929 |
| Eva Lill Mæhle | f. 1945 |
| Olav Kristoffer Sekkingstad | f. 1931 |
| Helge Harald Fjell | f. 1949 |
| Gerd Else Tellnes | f. 1937 |
| Bjørn Sigvald Brekke | f. 1958 |
| Ingemund Sangolt | f. 1930 |
| Oddlaug Petra Fjæreide | f. 1923 |
| Edvin Malfred Skålevik | f. 1939 |
| Einar Lotsberg | f. 1924 |
| Per Lie | f. 1932 |

Foldnes kyrkje

Døyppte

12.09.2021

Leon Gundersen

19.09.2021

Theon Michelsen Askeland
Jesper Birkenes Iversen
Martine Jacobsen
Julie Skaar

26.09.2021

Leah Kleppe Olsen

17.10.2021

Brage Emiil Tveit Toft
Lucas Mjeldheim Ungesson
Amalie Steine Lillevik

23.10.2021

Nathaniel Dawit Auestad Hicks
Oliver Kvam Hjørnevik
Alexander Glomnes Veiberg
Julian Enoksen Buvik
Bjørn Leander Røberg-Molland

07.11.2021

Brage Hanekamhaug
Johannes Stuve
Luca Hovland Helland

20.11.2021

Jacob Engevik-Opheim
Lilly Sanden Tangen
Oliver Larsen Teisbo
Liam Foldnes
Fredrik Tobias Hordnes

Vigde

18.09.2021

Aila Kristine Worley og
Alexander Ophaug

Døde

| | |
|-----------------------|---------|
| Rune Skram | f. 1953 |
| Kirsten Margun Meling | f. 1944 |
| Bente Ljones Hansen | f. 1955 |
| Emma Ulrikke Sørensen | f. 2002 |
| Arve Nilsen | f. 1971 |
| Hans Jørgen Sjursen | f. 1941 |
| Svein Hellemann | f. 1946 |
| Wenche Zachariassen | f. 1941 |
| Gudny Olaus Syltøy | f. 1940 |
| Kjell Holen | f. 1944 |
| Rolf Albrechtsen | f. 1941 |
| Arne Johan Netland | f. 1930 |

Landro kyrkje

Døyppte

12.09.2021

Elijah Rodriguez Fedøy
Eirik Bleie Berge

19.09.2021

Tiril Nielsen Toftevåg

26.09.2021

Samantha Svellingen Hermansen
Max Milian Algrøy
Malina Duesund-Eide

03.10.2021

Rikke Winther-Langeland
Frida Øyre Gjerde

17.10.2021

Leo Elias Garlid
Tobias Glesnes
Hermine Kårtveit Brekke

24.10.2021

Silas Halstensen Eide

Vigde

18.09.2021

Siri Ophelia Isaksen Østrem
og Frank Henrik Østrem

Døde

| | |
|-------------------------|---------|
| Per Bodolf Lauvik | f. 1936 |
| Ragnvald Oskar Vindenes | f. 1923 |
| Aslaug Helga Landro | f. 1942 |
| Kåre Eide Mjelde | f. 1962 |
| Martha Karoline Bergtun | f. 1923 |

Vår Herre Jesus Kristus seier
"Eg er oppstoda og livet. Den
som trur på meg, skal leve
om han så døyr. Og kvar den
som trur på meg, skal i all
æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 2, 5353 Straume
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



Leirstedet til IMF Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. www.fjell-ly.no



SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Din lokale elektriker!

Vestgar Elektro



Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
post@vestgarelektro.no
www.vestgarelektro.no



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203
Fax. 56 32 08 75



Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Velkommen til oss på Rong senter
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på
www.godfoten-as.no Vi har gavekort!

Bjorgvin

BEGRAVELSESBYRÅ

Døgnavakt 55 20 23 00

www.bjorgvin-b.no

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

Ikke alle
barn gleder
seg til jul

Illustrasjonsfoto

Gi støtte til familier
som har det tøft

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr)
eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



Kontaktinfo

Soknerådsleiarane

Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik
jorunn.gjersvik@bkkfiber.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit
tove.karin@outlook.com

Kyrkjeverje

Annlaug Børve 473 04 530
ab766@kyrkja.no

Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

| | |
|-------------------------------|------------|
| Prost Jan Tommy Fosse | 924 63 278 |
| Sokneprest Bjarne Nese | 915 32 437 |
| Sokneprest Maria Tveten | 450 63 016 |
| Sokneprest Morten Torsvik | 909 37 169 |
| Prostiprest Knut Kaldestad | 977 24 017 |
| Diakon Astrid Fylling | 971 75 733 |

Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller **post.oygarden@kyrkja.no** ved manglande levering.

Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:
11. januar 2022

Første Livets lys på halvanna år

Fredag 24. september var det igjen duka for Livets lys i Foldnes kyrkje.

TEKST OG FOTO: EIVIND KAUSLAND LIE



Torbjørn Fjøren og Marian Mikkelsen, trufaste medarbeidarar på Livets lys gjennom mange år.

Etter halvanna år med nedstenging, var gjensynsgleda stor! Dei ca. 40 som var til stades i Foldnes kyrkje denne kvelden fekk med seg god musikk og allsong, ein flott andakt av Agnar Våge, og ikkje minst hyggeleg og sosialt samvær, både i kyrkjerommet og på kveldsstunda etterpå i kyrkjelydssalen. Det aller meste var som det pleier å vere, men sidan dette var første Livets lys på svært lenge, så ville vi gjere litt ekstra stas på kvelden. Kveldsmat med brødmatt vart difor bytt ut med pizza frå Pizzabakeren.

Retting frå Fjell kyrkjeblad nr. 4 2021

I artikkelen om Åpen barnehage i Landro stod det at Tove Karin Lyngsmo Angeltveit er dagleg leiar for KFUK-KFUM Øygarden. Det skulle stå at ho er pedagogisk leiar i KFUK-KFUM Åpen barnehage Øygarden, avd Landro. Me beklagar feilen.

v:pps

Øygarden kyrkjelege fellesråd:

82511

Basecamp RePro: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato. Takk for di gåve!

Barne- kryssord



Vannrett:

1. Spis
3. OK
7. Grip
8. Ikke voksen
9. Lever
10. Guttenavn
11. Ordne
12. Ankommet
16. Guttenavn
17. Ulrik Olsen
18. Jesu fødeby
20. Guttenavn

Loddrett:

1. Spiser
2. Tang
4. Øy i Alver kommune
5. En Behn
6. Jentenavn
8. Leve
12. Undersatt
13. Fredssymbol
14. Par
15. Ingrid Berge
16. Dyr
19. Lars Holm

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!




Send inn kryssord til:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten: Kryssord
Frist: 11. januar 2022

Vinnar av Barnekryssord i nr. 4 – 2021:
Antonio S. Halland
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd